

## Søkjars kommentarar til innkomne høyringsfråsegn gjeldande for konsesjonssøknaden til Valdra Kraftverk :

Gjeld dei som hadde fått utset frist til å komme med fråsegn.

### Hordaland Fylkeskommune:

Tiltakshavar takkar for positiv innstilling frå fylkestinget. Fylkestinget gjekk inn for å tilrå konsesjon, og utsetja kulturminneundersøkingar /undersøkingsplikt til tida kring detaljplanfasen. Innstillinga var basert på arkeologisk gransking av området før ein tok sikte på å rå til eller frå konsesjon. Det ville slik innstillinga først var vore vanskeleg å få finansiert utbygginga, og tiltakshavar er glad for vedtaket slik det vart.

### Etne Kommune:

Takkar for positiv innstilling og vedtak i Kommunestyret.

Visar elles til rådmannens merknad anng feilsitering om vegbyggesaka. Her har eg sitert / mistyda svaret frå sakshandsamaren, korrekt skal vera at sakshandsamaren opplyste at : *om byggjeløyvet til vegen var gått ut på gyldighetsdato, kan ein fritt søkja om å forlengja dette løyvet.* I førre kommentar har eg feilaktig skrive at ein kunne få forlengja løyvet. Mangla orda *søkja om å få.*

I ettertid er det gjeve forlenging av det opphavlege løyvet opp til innmarkskanten på Valdra, resten av traseen opp til inntaket er søkt endra til å følgja vassvegen. Hordaland Fylkeskommune har fått endringssøknaden på høyring, og ber om at ein koordinerar forholdet til kulturminnelova §9 i samband med detaljplanen til kraftverket, før dei gjev løyve til resten av vegtraseen.

Visar også til kommunen sitt innspel når det gjeld strekninga nedstraums kraftstasjon, som har veldig redusert verdi for anadrom fisk, og tiltrer deira syn på at det ikkje skulle vera naudsynt med noko omlaupsventil.

Etne, 21.11.2017

